

Allsong i sjøkanten på laurdag.(VERT PÅ SYSTRENE NILSEN).

30.06.2015



Hans Gustav, Reidar og Kristian under eit tidlegare Allsong i sjøkanten.

Laurdag kl. 16 er det klart for 5. sesong av det populære miljøskapande tiltaket Allsong i sjøkanten. Sidan oppstarten sommaren 2011 har dette allsongprogrammet vorte svært populært. Denne gongen skal det føregå i båthamna med det nye teltet som base. Med dei gode vermeldigane som er lova, vert dette garantert svært stemningsfullt!

Primus motor Kristian Bringedal kan fortelja at programmet for denne laurdagen i hovudsak er klart. Reidar Myklebust og gitaren hans er som alltid med, og i tillegg kjem trekkspelar og jubelgutt Hans Gustav Mussland. Han har bidrege på fleire av programma tidlegare år.

I songutvalet har dei denne gongen lagt vekt på ein del 60-talsslagerar. I samband med dette vert det også ein kjekk quiz om dei populære songane og artistane i dette tiåret.

Det kan også dukka opp overraskinger. Dessutan oppfordrar arrangørane publikum til å bidra med innslag. Det kan vera musikk, opplesing eller anna.

Kristian Bringedal fortel at det på grunn av at det er ein ny arena, vert ei litt endra utgåve. Det vert ikkje noko servering, men derimot vert publikum oppfordra til å ta med seg mat og drikke som dei kan kosa seg med. Om dei vil grilla kan dei ta med seg eingongsgrillar.

Kor mykje teltet vert brukt er avhengig av veret. Akkurat no lovar yr.no fint sommarver og god temperatur. Vi håpar det held seg!

Arrangørane vonar at mange vil ha glede av dette miljøskapande tiltaket. Eit godt oppmøte av både bygdefolk og tilreisande vil vera veldig kjekt. Med plasseringa i båthamna vil det vera midt i blinken for både båtturistar og campinggjester.

Eg er sikker på det ligg til rette for ein veldig koseleg ettermiddag i båthamna på laurdag!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen